

KURSKALENDER

2022



I DENNE KALENDEREN FINN DU OVERSIKT OVER KURSA MED DATO, KURSLÆRAR OG PRISAR.

UTFYLLANDE OPPLYSNINGAR OM KURSA FINN DU PÅ VÅR HEIMESIDE.



RAULANDS
AKADEMIET

WWW.RAULANDSAKADEMIET.NO

NYTTIG INFORMASJON

SLIK MELDER DU DEG PÅ KURS

Du melder deg på ved å sende inn påmeldings-skjema på heimesida vår. **Det er bindande påmelding.** Ikkje vent for lenge med å melde deg på! Dei mest populære kursa blir fort fullteikna. Påmeldingsfrist er 6 veker før fyrste kursdag. Dersom det er ledige plassar, tek me imot påmelding fram til kursstart.

NÅR STARTAR OG SLUTTAR KURSA?

Kursa startar kl. 15 fyrste kursdagen, med undervisning kl. 15–18. Deretter er det undervisning kl. 08–16, og du kan arbeide på verkstaden til langt på kveld. Kursa avsluttar kl. 12 siste dagen.

Tredagarskurs har 21 timar undervisning, og seksdagarskurs har 42 timar undervisning.

KVA DEKKER KURSAVGIFTA?

På nokre kurs må du rekne med materialkostnader. Informasjon om materialkostnader finn du under det aktuelle kurset på vår heimeside www.raulandsakademiet.no

* GÅVEKORT!

Eit kurs er ei populær jule- og fødselsdagsgåve. Ta kontakt med oss, gje oss namn på den heldige, kor gåvekortet skal sendast og kven som skal betale.

*

10% RABATT PÅ KURSAVGIFTA?

Meld deg på kurs før 1. mars eller bli medlem i:

- Rauland Husflidslag eller eit anna lokalt husflidslag: www.husflid.no
- Kunst i Skolen: www.kunstiskolen.no
- Kunst og design i skolen: www.kunstogdesign.no
- Musikk i Skolen: www.musikkiskolen.no
- Norsk knivforening: www.norskkniv.no

KVEN KAN MELDE SEG PÅ KURS?

Kursa er opne for alle over 14 år.



TIPS EIN VEN

Kjenner du nokon som du trur ville setje pris på å få ein kurskatalog? Ring oss eller send oss ei melding med namn og adresse, så sender me katalogen i posten.

AVMELDING

Påmeldinga er bindande. Dersom du ikkje kan møte på eit kurs du har meldt deg på, er det viktig at du melder frå skriftleg (e-post eller brev) snarast mogeleg.

Avmeldingsgebyr er kr 950,- fram til fire veker (28 dagar) før kursstart. Ved avmelding seinare enn 28 dagar før kursstart må heile kursavgifta betalast. Same regel gjeld om det er sjukdom eller andre årsaker.

LURAR DU PÅ NOKO?

Send oss ein e-post: post@raulandsakademiet.no, eller ring oss på telefon 35 07 32 92.

FRITIDSAKTIVITETAR

Det er undervisning fram til kl. 16. Etterpå kan du arbeide på verkstaden eller nytte tida til andre fritidsaktivitetar; tur i fjellet, bading i Totak, fisking, padling eller ridetur. Du kan òg vitje ei av kunstutstillingane i distriktet.

www.visitrauland.com

OVERNATTING OG MAT

Du kan bestille overnatting og mat på Raulandsakademiet, og det kostar kr 1200,- per døger for kursdeltakarar (kurspakke).

Det blir servert 4 måltid per dag: Frukost, lunsj, ettermiddagskaffi/-måltid og middag.

Raulandsakademiet er ope for overnatting heile året og er medlem i Norske Vandrerhjem. Det er 49 rom fordelt på enkeltrom, tomannsrom og nokre familierom – alle med dusj og toalett.

Bur du heime eller på hytta under kurset, så kan du bestille måltidspakke:

3 dagar:

Lunsj og ettermiddagskaffi 700,-
Lunsj, ettermiddagskaffi og middag..... 1350,-

6 dagar:

Lunsj og ettermiddagskaffi 1450,-
Lunsj, ettermiddagskaffi og middag..... 2800,-

RAULANDS
AKADEMIET

Raulandsakademiet A/S Akademiet 2, 3864 Rauland

Tlf.: 35 07 32 92 post@raulandsakademiet.no www.raulandsakademiet.no

SOMMARKURS

Seksdagarskurs:

Frå måndag kl. 15 til sundag kl. 12.

Tredagarskurs:

Frå måndag kl. 15 til torsdag kl. 12, eller
frå torsdag kl. 15 til sundag kl. 12.

Nr.	Kurs / emne	Kurslærer	Dato	Pris
VEKE 26				
2211	Biletvev	Anne Grete Krogstad	27.06.–03.07.	6500,-
2285	Filigran grunnkurs 1 - halsring	Eli Taugbøl	27.06.–03.07.	6500,-
2209	Filting av rullesteinspuff og korg i norsk ull NY	Nina Sliper	27.06.–03.07.	6500,-
2287	Frå skog til stol	Tine Spuur	27.06.–03.07.	6500,-
2210	Lafting med rundtømmer, 2 veker	Ottar Romtveit	27.06.–10.07.	13000,-
2205	Pilfletting	Klara Pil	27.06.–03.07.	6500,-
2201	Skinnefell	Stina Solheim	27.06.–03.07.	6500,-
2232	Smiing av eggverktøy - veke 26	Ola Svensson	27.06.–03.07.	6500,-
2220	Staskniv til bunad - veke 26	Morten Håkonsen	27.06.–03.07.	6500,-
2276	Sy vikingdrakt, stingtyper, mønster	Astri Bryde	27.06.–30.06.	4400,-
VEKE 27				
2210	<i>Lafting med rundtømmer held fram</i>	<i>Ottar Romtveit</i>	<i>27.06.–10.07.</i>	<i>–</i>
2227	Brodere bunad, ullbroderi	Barbro Storlien	04.07.–10.07.	6500,-
2202	Filigran grunnkurs 2 - beltespenne NY	Eli Taugbøl	04.07.–10.07.	6500,-
2249	Maskinstrikking, DesignaKnit DC8	Maria Valsdottir	04.07.–10.07.	6500,-
2216	Smiing av eggverktøy - veke 27	Ola Svensson	04.07.–10.07.	6500,-
2242	Staskniv til bunad - veke 27	Morten Håkonsen	04.07.–10.07.	6500,-
2223	Sveiping	Tine Spuur	04.07.–10.07.	6500,-
2279	Vev, kom i gang - veke 27	Will Riedlinger	04.07.–10.07.	6500,-
2247	Middelalderverkstad	Borghild Telnes Else Ljungstrøm	04.07.–07.07.	4400,-



Nr.	Kurs / emne	Kurslærer	Dato	Pris
VEKE 28				
2206	Maskinstrikking, grunnkurs	Maria Valsdottir	11.07.–17.07.	6500,-
2254	Snekkarkurs for ferskingar - veke 28	Ola Svensson	11.07.–17.07.	6500,-
2217	Sy klede etter egne mål	Veronika Glitsch	11.07.–17.07.	6500,-
2226	Sølv, design av smykke	Kaja Gjedebo	11.07.–17.07.	6500,-
2225	Tægerbinding	Signe Irene Berg	11.07.–17.07.	6500,-
2229	Vev, kom i gang - veke 28	Will Riedlinger	11.07.–17.07.	6500,-
2236	Rosesaum, skjortebroderi frå Vest-Telemark	Inger Olsnes	11.07.–14.07.	4400,-
2219	Skjering av trykkblokker NY	Jørn Thore Morønning	11.07.–14.07.	4400,-

VEKE 29				
2240	Beltestakk – sy din egen, del 1	Inger Petersen	18.07.–24.07.	6500,-
2262	Redesign	Veronika Glitsch	18.07.–24.07.	6500,-
2265	Rosemåling, dekorative teknikkar	Vivian Grieg Teisner	18.07.–24.07.	6500,-
2256	Snekkarkurs for ferskingar - veke 29	Ola Svensson	18.07.–24.07.	6500,-
2263	Sølv, grunnkurs	Birgith Hestangen	18.07.–24.07.	6500,-
2228	Vev, kom deg videre NY	Hilde Opedal Nordby	18.07.–24.07.	6500,-
2224	Slektsgransking	Liv Marit Haakenstad	18.07.–21.07.	4400,-

VEKE 30				
2235	Akvarell	Ivar Øksendal	25.07.–31.07.	6500,-
2266	Mønsterkonstruksjon	Veronika Glitsch	25.07.–31.07.	6500,-
2290	Spikking av ølhøner	Jørn Thore Morønning	25.07.–31.07.	6500,-
2212	Treskjering, dragestil	Anneli Engeland	25.07.–31.07.	6500,-
2231	Veving med frie mønstringer, historiske teknikker	Åse Eriksen	25.07.–31.07.	6500,-
2259	Plantefarging av cellulosefiber/lin	Berit Knai Johansen	25.07.–28.07.	4400,-
2203	Skrivekurs, å skrive livsfortelling	Kjersti Wold	25.07.–28.07.	4400,-
2233	Sliping av knivar	Per Sandvik	25.07.–28.07.	4400,-
2234	Sliping med Tormek slipemaskin NY	Per Sandvik	28.07.–31.07.	4400,-



HAUSTKURS

Tredagarskurs:
Frå torsdag kl. 15 til søndag kl. 12

Nr.	Kurs / emne	Kurslærer	Pris
-----	-------------	-----------	------

VEKE 39 29.09.-02.10.

2240	Beltstakk - sy din eigen, del 2	Inger Petersen	4400,-
2288	Brikkevev, bunadsband frå Telemark	Ingunn Hovde	4400,-
2268	Kniv, grunnkurs - veke 39	Morten Håkonsen	4400,-
2248	Kveding, tradisjonell song frå Telemark	Ingebjørg Reinholdt	4400,-
2273	Smiing, grunnkurs - veke 39	Ola Svensson	4400,-
2221	Toving av ull frå norske saueraser NY	Nina Alsborn	4400,-
2267	Vikingsaum, småplagg	Astri Bryde	4400,-

VEKE 41 13.10.-16.10.

2284	Bokbinding, grunnkurs	Else Ljungstrøm	4400,-
2251	Kalligrafi	Borghild Telnes	4400,-
2208	Kniv, grunnkurs - veke 41	Morten Håkonsen	4400,-
2215	Sandstøyping av metall, innføringskurs NY	Johannes Vemren Rygh	4400,-
2230	Sy klede etter egne mål, kortkurs	Veronika Glitsch	4400,-
2204	Sy små plagg av saueskinn	Beate Solvik	4400,-
2213	Takkebakst	Yvonne Minde	4400,-
2252	Ullbroderi	Barbro Storlien	4400,-

VEKE 43 27.10.-30.10.

2214	Brikkevev i vevstol	Ingunn Hovde	4400,-
2283	Bunadsband frå Vest-Telemark	Eli Vesaas	4400,-
2291	Fermentering og sjølvhushald	Hedda Kortnes	4400,-
2207	Garnfarging med syntetisk farge NY	Nina Alsborn	4400,-
2218	Smiing, grunnkurs - veke 43	Ola Svensson	4400,-
2238	Spinning på rokk og handtein	Anne Grete Krogstad	4400,-
2222	Tradisjonell korgfletting i splitta materiale NY	Hege Iren Aasdal Wiken	4400,-



VELKOMMEN TIL KURS!

Utfyllende opplysningar om kursa finn du på vår heimeside www.raulandsakademiet.no

I 2022 vil me tilby over 60 kurs i gamle og tradisjonelle handverksteknikkar, og i fleire meir moderne teknikkar.

I temaoversikten som fylgjer på neste side kan du sjå kva variasjon av kurs me kan tilby innanfor ulike tema som tre og restaurering, maling og skrivning, tekstil og metall.

I 2021 har det vore stor kursaktivitet hjå oss, og me takkar alle som deltok på sommar- og haustkurser våre. Så håpar me at like mange tek turen til Rauland for å delta på kursa våre i 2022!

Raulandsakademiet held til på Rauland i Telemark. Kursa er i samarbeid med Norges Husflidslag og Studieforbundet kultur og tradisjon. Hugs at alle som er medlem i Norges Husflidslag får rabatt på kursavgifta, og dette må du opplyse om når du melder deg på.

Me håpar du finn eit kurs som høver for deg, og ynskjer deg velkommen til Rauland og Raulandsakademiet!

WELCOME TO RAULAND

Rauland's Academy and hostel offers three excellent ways to enjoy your vacation in Norway! We have summer classes in a wide variety of traditional and modern crafts.

Each class is three or six days long with lots of individual attention from talented teachers and artisans. Most of our instructors speak English, but check with us before you register.

Whether you are attending a course or just travelling in upper Telemark, you can stay at our hostel. We have single, double, and family rooms – all with a private bath and shower. Linens, towels, and our breakfast buffet are always included in our prices. We can also offer homemade lunch and dinner for groups.

Telemarkstunet is a must-visit stop if you are in the area during the summer season. Here you will find a collection of traditional farm buildings built with local timber and traditional techniques. All of the buildings are copies of old buildings in the area. Inside the buildings you will find a café, a bakery, and a large craft shop with handmade Norwegian products. Perhaps you will enjoy meeting one of our summer artists, playing in the sandbox, or taking a short walk through the forest to Lake Totak on our Beaver path!

TEMAOVERSIKT



Tre og restaurering	Veke	Dato
Frå skog til stol	26	27.06.–03.07.
Lafting med rundtømmer, 2 veker	26+27	27.06.–10.07.
Pilfletting	26	27.06.–03.07.
Snekkarkurs for ferskingar - veke 28	28	11.07.–17.07.
Snekkarkurs for ferskingar - veke 29	29	18.07.–24.07.
Spikking av ølhøner	30	25.07.–31.07.
Skjering av trykkblokker NY	28	11.07.–14.07.
Staskniv til bunad - veke 26	26	27.06.–03.07.
Staskniv til bunad - veke 27	27	04.07.–10.07.
Sveiping	27	04.07.–10.07.
Tradisjonell korgfletting i splitta materiale NY	43	27.10.–30.10.
Treskjering, dragestil	30	25.07.–31.07.
Tægerbinding	28	11.07.–17.07.



Tekstil	Veke	Dato
Beltestakk - sy din eigen, del 1	29	18.07.–24.07.
Beltestakk - sy din eigen, del 2	39	29.09.–02.10.
Bilettev	26	27.06.–03.07.
Brikkevev i vevstol	43	27.10.–30.10.
Brikkevev, bunadsband frå Telemark	39	29.09.–02.10.
Brodere bunad, ullbroderi	27	04.07.–10.07.
Bunadsband frå Vest-Telemark	43	27.10.–30.10.
Filting av rullesteinspuff og korg i norsk ull NY	26	27.06.–03.07.
Garnfarging med syntetisk farge NY	43	27.10.–30.10.
Maskinstrykking, DesignaKnit DC8	27	04.07.–10.07.
Maskinstrykking, grunnkurs	28	11.07.–17.07.
Mønsterkonstruksjon	30	25.07.–31.07.
Plantefarging av cellulosefiber/lin	30	25.07.–28.07.
Redesign	29	18.07.–24.07.
Rosesaum, skjortebroderi frå Vest-Telemark	28	11.07.–17.07.
Spinning på rokk og handtein	43	27.10.–30.10.
Sy klede etter eigne mål	28	11.07.–17.07.
Sy klede etter eigne mål, kortkurs	41	13.10.–16.10.
Sy vikingdrakt, stingtyper, mønster	26	27.06.–30.06.
Toving av ull frå norske saueraser NY	39	29.09.–02.10.
Ullbroderi	41	13.10.–16.10.
Vev, kom deg videre NY	29	18.07.–24.07.
Vev, kom i gang - veke 27	27	04.07.–10.07.
Vev, kom i gang - veke 28	28	11.07.–17.07.
Veving med frie mønstringer, historiske teknikker	30	25.07.–31.07.
Vikingsaum, småplagg	39	29.09.–02.10.



Skinn	Veke	Dato
Skinnefell	26	27.06.–03.07.
Sy små plagg av saueskinn	41	13.10.–16.10.

Metall	Veke	Dato
Filigran grunnkurs 1 - halsring	26	27.06.–03.07.
Filigran grunnkurs 2 - beltespenne NY	27	04.07.–10.07.
Kniv, grunnkurs - veke 39	39	29.09.–02.10.
Kniv, grunnkurs - veke 41	41	13.10.–16.10.
Sandstøyping av metall, innføringskurs NY	41	13.10.–16.10.
Sliping av knivar	30	25.07.–28.07.
Sliping med Tormek slipemaskin NY	30	28.07.–31.07.
Smiing av eggverktøy - veke 26	26	27.06.–03.07.
Smiing av eggverktøy - veke 27	27	04.07.–10.07.
Smiing, grunnkurs - veke 39	39	29.09.–02.10.
Smiing, grunnkurs - veke 43	43	27.10.–30.10.
Sølv, design av smykke	28	11.07.–17.07.
Sølv, grunnkurs	29	18.07.–24.07.

Mat	Veke	Dato
Fermentering og sjølvhushald	43	27.10.–30.10.
Takkebakst	41	13.10.–16.10.

Maling og skriving	Veke	Dato
Akvarell	30	25.07.–31.07.
Bokbinding, grunnkurs	41	13.10.–16.10.
Kalligrafi	41	13.10.–16.10.
Middelalderverkstad	27	04.07.–07.07.
Rosemåling, dekorative teknikkar	29	18.07.–24.07.
Skrivekurs, å skrive livsfortelling	30	25.07.–28.07.

Anna	Veke	Dato
Kveding, tradisjonell song frå Telemark	39	29.09.–02.10.
Slektsgransking	29	18.07.–21.07.



Studere folkemusikk eller tradisjonskunst som universitetsstudium?

Har du lyst til å arbeide med handverk, utvikle dine ferdigheter i å formgje i eit materiale? Eller vil du fordjupe deg i song, dans eller i eit instrument som du sjølv vel?

På Rauland kan du ta både årsstudium, bachelor, master og doktorgrad. Rauland er også kjent for eit godt studentmiljø med folkemusikkscene, musikkstudio, studentkro med dans kvar veke, vinterfestival og besøk frå mange spennande gjesteførolesarar.

Vi held til ved Raulandsakademiet.




[usn.no /folkemusikk-tradisjonskunst](https://usn.no/folkemusikk-tradisjonskunst)




Folkekunst

- Årsstudium; Folkekunst: tre – metall – eller tekstil, 60 stp
- Bachelor; Folkekunst: tre – metall – eller tekstil, 180 stp
- Mastergrad; Tradisjonskunst, 120 stp
- Kreativ maskinstrikk 1 og 2 (deltid 30 stp)
- Design, redesign, saum av klede (deltid 30 stp)
- Instrumentmaking, 60 stp



Folkemusikk og folkedans

- Årsstudium i Folkemusikk 60 stp
- Bachelorstudium i Folkemusikk, 180 stp
- Mastergrad i Tradisjonskunst, 120 stp



Returadresse: Raulandsakademiet AS, Akademiet 2, 3864 Rauland. Telefon 35 07 32 92

VELKOMMEN TIL NOREGS STØRSTE KURSSENTER FOR HUSFLID OG HANDVERK

Kursa på Raulandsakademiet blir arrangera i samarbeid med *Rauland Husflidslag* og *Studieforbundet kultur og tradisjon*. Fleire kurs går parallelt slik at ektefelle eller vener kan gå på kvart sitt kurs samstundes. I år er det over 60 kurs å velje mellom. På heimesida vår finn du informasjon om kursa.

Klikk deg inn på www.raulandsakademiet.no og vidare til *kurskatalog 2022*.



På **Telemarkstunet** finn du noko for heile familien. Alle bygg er kopiar av lafta bygg frå Vinje kommune. Det er bakeri, natursti, handverksutsal, handverkarar i arbeid og sandkasse og leikar for barn og unge. Opningstider finn du på heimesida vår www.raulandsakademiet.no

Ta kontakt med oss og me kan opne handverksutsalet og ha omvisning på Telemarkstunet, lage spesial- eller kortkurs, arrangere selskap i Gardsjordstoga eller koma med forslag til rundturar, aktivitetar, museumsbesøk med meir.

Raulandsakademiet tilbyr overnatting heile året!